



Sak nr 10/2008

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 596

S 596, Nørre Gilen – søknad om nytt sel

Ola Thune søker om å få rive det gamle selt og føre opp att eit nytt. Arealet på det gamle selet er 62 m² (BYA) og det nye er 70 m² (BRA).

Støl og gardsbruk blir leigd bort samla, og stølen blir brukt til beite og slått. Etter stølsforskrifta er stølen då i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

I brev datert 10.11.08 frårdar Statskog godkjenning av søknaden:

Forutsatt at drifta på stølen skjer ut i fra den gården stølen ligger til skal søknaden behandles etter § 13 i forskrift om seter og tilleggsjord, hvor Statskog gir uttale i saken og fjellstyret fatter vedtak.

Seterforskriftens § 13 er tydelig på at man ved behandling av byggesøknader på støler skal vurdere behovet for bebyggelse opp i mot en rasjonell utnyttelse av drifta på stølen.

Statskog er av den oppfatning at behovet for kontinuerlig tilstedeværelse ved drift som beite og slått er begrenset, og at dette bør gjenspeiles i størrelsen på selene.

Det er ikke vanskelig å forstå søkerens ønske om noen ekstra m² når man først går til det skrittet det er å rive og gjenoppføre et sel. Etter vår oppfatning er allikevel dette momentet et utenforliggende hensyn, da dette ønske ikke nødvendigvis har noen relasjon til reelle behovet for bebyggelse.

I dette tilfellet oppfatter Statskog det eksisterende selets størrelse som tilstrekkelig, og vi tilrår derfor fjellstyret å tillate gjenoppføring av selet i samme størrelsesorden som eksisterende sel.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 10.11.08 gjeve følgjande konklusjon:

Fylkeskonservator vil tilrå kommunen a stille vilkår ved oppføring av nytt sel. For å ta omsyn til og vidareføre tradisjonen i denne type miljø bør nytt sel ha dimensjonering og material- og fargebruk som det eksisterande selet.

Bruket heime har fått varig fritak for buplikt og det vil derfor ikkje bli drift på bruket heime i næraste framtid. Stølen og bruket heime blir leigd bort til ein nabo (Erik Gunnar Kvale). Han har nabostøl på Nørre Gilen og har ikkje behov for selet i si drift.

Vedtak:

Fjellstyret finn ikkje at det er behov for større sel ut frå drifta på garden og avslår søknaden om å få føre opp nytt sel på 70 m² (BRA).

Fjellstyret har ingen merknader til at søkjaren får før opp nytt sel med same storleik som det eksisterande som skal rivast. Søknad med nye teikningar må sendast til fjellstyret for behandling.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal adresserast til Statens landbruksforvaltning og sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Einstemming vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Ola Thune
Vestre Slidre kommune
Statskog